

RETTSBOK  
FOR  
NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

Sak nr. 3/1995.

JORDSKIFTESAK

(felles veg)

PÅ

GNR. 217 ROMARHEIM

I

LINDÅS KOMMUNE.

Saka tok til 28.05.1997.

Saka slutta 08.09.1997.

# RETTSBOK

FOR

## NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

(FØREBUINGSMØTE)

År 1997 onsdag den 28. mai vart jordskifterett halde i Romarheim gamle skule i Lindås kommune. Dette var eit saksførebuande rettsmøte. Det møtte difor ikkje jordskiftemeddommarar.

Rettsstyrar: Jordskiftedommar Liv Løken som sette jordskiftedommar.

Protokollfører: Jordskiftedommaren.

Sak nr.: 3/1995, Romarheim ved Nord og Midhordland jordskifterett.

### Partar:

Gnr. 217 bnr. 3, eigar Johannes Romarheim, 5175 Vikanes.

Gnr. 217 bnr. 4, eigar Hallvard Høiland, Hyttevegen 7, 1537 Moss.

Gnr. 217 bnr. 18, eigar Magne N. Romarheim, 5175 Vikanes.

Gnr. 217 bnr. 34, eigar John Romarheim, 5175 Vikanes.

Alle eigedommar i Lindås kommune.

Johannes Romarheim har kravt saka.

Saka gjeld: Krav om framkomst til eigen utmarksteig på Geitstien. Oppattaking av vedtak om vegar i utskiftinga av innmarka på Romarheim, slutta i 1888. Den gamle Høydalsvegen er for bratt og vanskeleg å nytte.

Saka er overført til behandling ved Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett av kapasitetsmessige årsaker.

Til stades: Johannes Romarheim, Hallvard Høiland, Magne N. Romarheim, Lindås kommune v/oppmålingssjef Kåre Wiik, Helge Eidsheim (eigar av frådelt tomt gnr. 217/66.)  
Avd. ing. Arne Flatebø frå jordskiftekontoret var også tilstades.

Rettens styrar la fram som dokument:

1. Krav om jordskifte frå Johannes Romarheim, datert 17. mars 1995.
2. Vedlegg til jordskiftekravet, datert 18.03.1995 frå Johannes Romarheim.
3. Kopi av kart, med plan for ny veg over gnr. 217 bnr. 4.
4. Brev frå Landbruksdepartementet om overføring av jordskiftesaker til Sunnfjord og ytre Sogn jordskifterett, datert 16.01.1997.
5. Brev frå jordskifteretten til partane om at saka er overført til Sunnfjord og ytre Sogn jordskifterett, Førde, datert 21.01.1997.
6. Kopi av økonomisk kart M=1:1000, med skisse av vegutløysing for tre tomter, stempla av Lindås kommune den 8.2.1996.
7. Kopi av målebrev for gnr. 217 bnr. 65, delt frå gnr. 217 bnr. 3, dato: 17.10.1995.
8. Kopi av målebrev for gnr. 217 bnr. 66, delt frå gnr. 217 bnr. 3, dato: 8.10.1996 .
9. Kopi av målebrev for gnr. 217 bnr. 67, delt frå gnr. 217 bnr. 3, dato: 16.12.1996.
10. Delingssak behandla av bygningsrådet i Lindås kommune 22.08.1996 som gjeld søknad om frådeling av bustadtomt frå gnr. 217 bnr. 3 til Oddvar Eidsheim
11. Delingssak behandla av bygningsrådet i Lindås kommune 19.04.1995 som gjeld søknad om frådeling av bustadtomt frå gnr. 217 bnr. 3 til Terje Romarheim og Heidi og Helge Eidsheim.
12. Innkalling til saksførebuande rettsmøte onsdag 28. mai 1997 i Romarheim gamle skule.
13. Fullmakt frå ordføraren i Lindås kommune til Kåre Wiik, dat. 27. mai 1997.

Romarheim kommune er innkalla fordi hovudvegen ned til Romarheim er kommunal veg.

Johannes Romarheim orienterte om saka og kvifor han ville ha ny veg. Den gamle vegen opp til der han har planlagt tomtefelt er for bratt. Johannes Romarheim sa at det no er planlagt å dele frå 11 bustadtomter i utmarka hans. Det vil føre med seg mykje trafikk, og krav om forsvarleg avkøyning til hovudvegen. Det var også to eksisterande hus som ville inn på den nye vegen. Det er bnr. 18 og bnr. 34.

Hallvard Høiland var einig i at vegen kunne gå over eigedommen hans. Han ville ha avkøyninga så langt nord som mogeleg. Han ville også ha bruksrett og tilkomst til vegen for sin eigedom.

Partane godtok jordskiftedommaren som einedommar, og skreiv under på det i jordskiftekravet.

Alle som var tilstades gjekk ut og såg på den planlagde omlegginga av vegen.

Kåre Wiik meinte at det ikkje ville vere noko problem å plassere avkøyninga lenger mot nord. Lindås kommune har teke på seg å stikke vegen og berekne profil.

Saka blir utsett i påvente av ny plan for vegen. Partane var einige om at innkalling til nytt møte blir sendt i vanleg brev.

Partane får tilsendt kopi av rettsboka.

Romarheim den 28. mai 1997.

Liv Løken  
jordskiftedommar  
sign.

År 1997 den 8. september 1997 blei jordskifterett halde i skulehuset i Romarheim i Lindås kommune.

Rettsstyrar: jordskiftedommar Liv Løken

Protokollfører: Liv Løken

Sak nr.: 3/1995, Romarheim, utsett frå 28. mai 1997.

Partar: sjå rettsboka s. 1

Saka gjeld: Ny felles veg.

Til stades: Johannes Romarheim, Hallvard Høiland, Magne N. Romarheim, John Romarheim.

Rettsstyraren la fram som dokument:

- 14: Utskrift av overutskifting over «Gaarden Romarheims indmark» frå 1888.
- 15: Nedfotografert kopi av jordskiftekart frå 1886.
- 16: Jordskiftekart over utmarka til Romarheim lagt fram i jordskifteoverrett 16. juni 1970.
- 17: Kopi av skylddeling for gnr. 217 bnr. 34 i Lindås, frå 21. mars 1972.
- 18: Situasjonsplan, profilar og sentermåling for ny Høydalsveg på Romarheim, utført av teknisk etat i Lindås kommune juni 1997.
- 19: Løyve til avkøyring frå kommunevegen i Romarheim til eigarane av gnr. 217 bnr. 3, 4, 18 og 34. Løyvet er gitt av Lindås kommune og dagsett 12.08.1997.

- 20: Innkalling til møtet i dag, datert 19.08.1997.
- 21: Framlegg til vedtekter og fordeling i den nye vegen.
- 22: Framlegg til oppgjør for vegrett og grunn.
- 23: Fråsegn frå partane i saka der dei skriv frå seg ankeretten, den 8.9.1997.
- 24: Rekning frå Lindås kommune for vegstikking.

Dokument nr. 21 og 22 vart gjennomgått, og partane fekk komme med merknader til framlegga.

### **AVLØYSING AV VEGRETT**

Johannes Romarheim har bede om at vegretten som bnr. 18 og 34 har på vegen som går frå Kvernhusbekken og ned til hovudvegen (veg nr. 2 i jordskifte frå 1888), vert avløyst. I staden får dei ta i bruk den nye vegen som skal byggast over bnr. 3 og 4. Bnr. 18 vil verte avstengt frå å bruke den gamle vegen når det vert bygt ny veg. Både Magne Romarheim på bnr. 18, og John Ingvald Romarheim på bnr. 34, ynskjer å bruke den nye vegen.

#### **Slutning:**

1. Når den nye vegen over gnr. 217 bnr. 3 og bnr. 4 er bygd, har gnr. 217 bnr. 18 ikkje lenger vegrett på vegen som er kalla veg nr. 2 i jordskifte frå 1888.
2. Når den nye vegen over gnr. 217 bnr. 3 og bnr. 4 er bygd, har gnr. 217 bnr. 34 ikkje lenger vegrett på vegen som er kalla veg nr. 2 i jordskifte frå 1888.

### **NY VEG TIL BYGGEFELT I UTMARKA TIL GNR. 217 BNR. 3**

Vegen fram til byggefeltet i utmarka til bnr. 3 er lagt om frå kommunevegen og fram til Kvernhusbekken. Den nye vegen tek til i kommunevegen i Romarheim og går over grunnen til gnr. 217 bnr. 4 og bnr. 3 (sjå jordskiftekartet). Etter 170 m, ovafor Kvernhusbekken kjem den inn på den gamle vegen til utmarka på bnr. 3.

Grunnen under vegen tilhøyrer dei eigedommane vegen går over. Det kan takast masse i vegbana til bygging av vegen.

Køyrebanda skal vere 4 m brei, i tillegg kjem turvande grunn til grøfter, fylling og skjæring.

#### **Veginteressentar:**

- Gnr. 217, bnr. 3 Johannes Romarheim
- « 217, bnr. 4 Hallvard Høiland
- « 217, bnr. 18 Magne Romarheim
- « 217, bnr. 34 John Ingvald Romarheim

Når tomter vert delt frå gnr. 217 bnr. 3, får nye grunneigarar vegrett, ved å kjøpe seg inn i veganlegget som veginteressantar. Nye veginteressantar får andel i vegen og vegvedlikehaldet etter avtale mellom kjøpar og selgar. Selgar (bnr. 3) sin andel i vegen og vegvedlikehaldet, vert redusert tilsvarande.

Om ein eigedom vert delt og dei involverte partar ikkje vert samde om andelsfordelinga mellom dei, fremjar vegstyret framlegg til fordeling. Vert ikkje framlegget godteke, kan spørsmålet søkjast løyst ved jordskifterett eller vegskjønn.

Nye veginteressantar må søkje kommunen om løyve til utvida bruk av avkøyringa frå kommunevegen.

**Kostnader med bygging og vedlikehald av vegen** er delt mellom veginteressantane etter den bruk og nytte kvar enkelt har av vegen. Det er lagt til grunn at det skal delast frå 10 bustadtomter på gnr. 217 bnr. 3:

**Deling av vedlikehaldet for vegen fram til pel 170:**

Gnr. 217, bnr. 3 Johannes Romarheim	får 86 %
« 217, bnr. 4 Hallvard Høiland	får 3 %
« 217, bnr. 18 Magne Romarheim	får 8 %
« 217, bnr. 34 John Ingvald Romarheim	<u>får 3 %</u>
Sum.....	100 %

**Deling av kostnad med bygging av vegen fram til pel 170:**

Gnr. 217, bnr. 3 Johannes Romarheim	får 88 %
« 217, bnr. 18 Magne Romarheim	får 8 %
« 217, bnr. 34 John Ingvald Romarheim	<u>får 4 %</u>
Sum.....	100 %

**Styre for vegen**

Det skal vere eit styre på tre medlemmer for vegen. Ein av medlemmene skal vere leiar. Styret skal ha ei funksjonstid på 3 år. I god tid før første treårsperiode er ute, kallar leiaren for det sitjande styre veginteressantane inn til eit møte der det vert valgt nytt styre og leiar. Innkallinga skal vere skriftleg. Ved val på styremedlemmer har kvar veginteressent ei stemme.

Styret skal ta seg av det administrative arbeidet med opparbeiding og syte for turvande vedlikehald av vegen.

Jordskifteretten vil føreslå denne samansettinga av styret for veganlegget:

Johannes Romarheim  
John Ingvald Romarheim  
Magne Romarheim

**Oppgjer for vegrett, og for grunn til avkøyring til bnr. 34:**

Gnr. 217 bnr. 3, Johannes Romarheim gir fri grunn til ny veg til bnr. 18 og 34, som har vegrett.

Gnr. 217 bnr. 4, Hallvard Høiland får i alt kr 4 300,- for å gi vegrett over sin grunn, og kr 2 700,- for grunn til ny avkøyring til bnr. 34, i alt kr 7 000,-.

Gnr. 217 bnr. 34 John Ingvald Romarheim betaler kr 2 450,- for arealet han mottek. Resten kr 4 550,- vert delt etter andel i vegen.

Gnr. 217, bnr. 3 Johannes Romarheim betaler i alt for vegrett		kr 4 004,-
« 217, bnr. 18 Magne Romarheim betaler i alt for vegrett		kr 364,-
« 217, bnr. 34 John Ingvald Romarheim betaler i alt for		
vegrett og veggrunn		kr 2 632,-
Sum.....	100 %	kr 7 000,-

Beløpa skal vere betalt til Hallvard Høiland 15 dagar etter at saka er sett i kraft.

Gnr. 217 bnr. 34 har kjøpt grunn til ny avkøyring av gnr. 217 bnr. 4. Den nye grensa mellom eigedommane er skildra slik:

**GRENSESKILDRING:**

Retningane er rekna ut på grunnlag av koordinatane og er i forhold til nord på kartet.

Sirkelen er delt i 400 grader. Avstandane er i horisontale mål.

Koordinatsystem : Statens kartverk (N.G.O. akse I)

**Grense: 1**

mellom Gnr. 217, bnr. 34 John Romarheim  
på aust- og nordaustsida  
og Gnr. 217, bnr. 4 Hallvard Høiland  
på vest og sørvestsida

Punkt nr.	X	Y	Avst. m.	Retn. gr.	Beskrivelse av grensepunkta
-----------	---	---	----------	-----------	-----------------------------

Grensa tar til i ny veg frå kommunevegen til nytt tomtefelt og går i bein linje i retning  $174,4^\circ$  omlag 8,5 m. til

1	304142.88	-22182.57			Bolt i jord
			10.44	174.4	
2	304133.28	-22178.48			Bolt i jord
			11.23	129.3	
3	304128.28	-22168.42			Bolt i jord.

Grensa går vidare i same beine linje til den krysser grensa mellom bnr. 3 og bnr. 4 og vidare til den gamle tomtegrensa for bnr. 34 der grensa ender.

**SAKSKOSTNADER**

I samsvar med jordskiftelovas § 74 skal jordskifteretten krevje inn:

Registreringsgebyr: 4 stk à kr 485,-	kr 1940,-
Partsgеbyr: 4 stk à kr 485,-	kr 1940,-
Grenselengdegebyr: 1 stk	kr 450,-
Grensemerkjer: 3 stk à kr 30	kr 90,-
<u>Vegstikking Lindås kommune</u>	<u>kr 2000,-</u>
Sum	kr 6420,-

Kostnadene skal delast mellom partane i saka etter den nytte kvar har hatt av saka:

Gnr. 217, bnr. 3 Johannes Romarheim skal betale	kr 5650,-
« 217, bnr. 18 Magne Romarheim skal betale	kr 514,-
<u>« 217, bnr. 34 John Ingvald Romarheim skal betale</u>	<u>kr 256,-</u>
Sum	kr 6420,-

Johannes Romarheim har betalt kr 1940,- i registreringsgebyr og er skuldig kr 3710,-

Dei pålagte beløp forfell til betaling 15 - femten - dagar frå kunngjering.

**KUNNGJERING**

Saka vert rekna som kunngjort den 26. september 1997.

Partane er einige om å fråfalle ankeretten jfr. tvistemålslova § 361. Sjå dok. nr. 23 der partane har skrive frå seg ankeretten.

Saka trer dermed i kraft same dag som den er kunngjort, den 26. september 1997.

**TINGLYSING**

Saka vert tinglyst på gnr. 217 bnr. 3, 4, 18 og 34 i Lindås kommune.

SAKA SLUTT

Romarheim den 8. september 1997

Liv Løken  
jordskiftedommar

sign.




**Rett kopi**  
Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett  
Mai Britt Høygaard  
Sekretær  
e.f.m.



Y = -22200

Y = -22100



# JORDSKIFTEKART

- △ Trekantpunkt NGO
- △ Andre trekantpunkt
- Polygonpunkt
- Hjelpepunkt
- — — — — Egedomsgrense
- · · · · Bruksrettsgrense
- — — — — Gjerde som egedomsgrense
- — — — — Gjerde

- Grensestein
- ⋈ Bolt i fjell
- ⊠ Bolt i stein
- ⋈ Kors i fjell
- ⊠ Kors i stein

- ⊠ Bolt i jord
- ⊠ Trepel
- ⊠ Grensetre, gran
- ⊠ Grensetre, furu
- ⊠ Grensetre, lauvtre

Navn på feltet	
Romarheim	
Kommune	Fylke
Lindås	Hordaland
Jordskifterett	Sak nr
Nord- og Midhordl. 3/1995	

Better nummererte grenser er behandla v